



Rosendal-Uskedal småjentelag gjorde ein flott innsats under Åsane-cupen (mms foto Ida Røsland).

Anette Sandnes, Margareth Sæle, Silje Bråtun, Ingeborg H. Lunde, Monica H. Kårstad, Ida Røsland og resten av Rosendal/Uskedal sitt småjentelag i J-14-klassen er i ferd med å avslutta ein flott sesong.

I førstninga av august gjorde dei seg bemerkta med å spela seg heilt kvartfinalen i Norway Cup. Men dei gode prestasjonane stoppa ikkje der. I seriesamanheng har dei spela i 1.divisjon for Hordaland. Der har dei sjølv sagt møtt svært god motstand. Likevel hamna dei flinke jentene heilt oppe på 4.plass då sluttabelen var klar. Sist laurdag deltok dei i innleiingsspelet i Åsane Cup. Dei gjorde ein strålende innsats, og etter å ha gjennomført tre gode kampar kom dei heim med tre singlar og utrullege 19 – 0 i målprotokollen.

Djerv – Rosendal/Uskedal 0 – 8.

Mål: Ida Røsland(2), Silje Bråtun, Marte Ingebretsen(3), Ida Helle og Linn Tveiten.

Nymark – Rosendal/Uskedal 0 – 7

Mål: Ida Røsland, Tonje Skåla(2), Linn Tveiten(2) og Marte Ingebretsen(2)

Rosendal/Uskedal – Søfteland 4 – 0

Mål: Anette Sandnes, Kristin Næs, Linn Tveiten og Tonje Skåla.

Etter desse flotte resultatata er laget sjølv sagt kvalifisert til sluttspillet i Åsane Cup. Dette går søndag om to veker. Vi ser med spenning fram til å høyra resultatata derfrå.

Av Thor Inge Døssland